
Fra: Håkon Vatnøy <hakon.vatnoy@outlook.com>
Sendt: 30. desember 2016 14:13
Til: Postmottak Lindås
Kopi: post@opus.no
Emne: Innspel til planprogrammet for Lonena (P14031)

Hei,

Viser til planprogrammet for Lonena (P14031). Området som planprogrammet gjeld er det området i Knarvik som mest opplagt ikkje må byggjast ut til bustader og næring.

Den vesle sløyfa med grussti på 1700 meter er allereide i dag upraktisk å nytta til trening i dei mest populære tidsromma, då den også er mykje brukt til å lufte hundar og trillevogner. Det har allereide kome opp skilt med forbod mot trening med sykkel.

Sløyfa er også altfor kort då ein sjølv på dei kortaste treningsturane lyt runda den 3 gonger. Området som planprogrammet gjeld burde difor heller vore nytta til å utvida grusstien med mange fleire sløyfer (helst utan altfor lange og bratte kneikar).

Det finst mange andre stader i Knarvik der ein kan byggja ut utanfor planområdet, og fleire byggjeprojekt er allereide igongsatt. I kommunen sin plan for Knarvik by skal området nedanfor E39 byggjast om, og her har kommunen også nyleg kjøpt eit stort område frå Schlumberger.

Eg vil difor oppmoda kommunen om å byta til seg planområdet for Lonena mot dette området nedanfor E39. Då sparer ein rekreasjonsområdet Lonena og kan utvide dette med fleire grusstiar der, samstundes som ein påbyrjar realiseringa av Knarvik by.

Mvh,
Håkon Vatnøy